WESTERN NORWAY RESEARCH INSTITUTE
VESTLANDSFORSKING
www.vestforsk.no

Vestlandsforskingsnotat nr. 5/2017

# Kartlegging av kunnskap, forvaltningspraksis og rettleiingsbehov om lokale kjelder til miljøgifter, vassforvaltning og klimatilpassing i kommunane

## *Del 1: Kommunesurvey*

**Torunn Hønsi**

Vestlandsforsking, Pb 163, 6851 Sogndal • Tlf.: 906 33 600 • Faks: 947 63 727

# Vestlandsforsking notat

| | |
|---|---|
| **Tittel**<br>Kartlegging av kunnskap, forvaltningspraksis og rettleiingsbehov om lokale kjelder til miljøgifter, vassforvaltning og klimatilpassing i kommunane<br><br>Del 1: Kommunesurvey | **Notatnummer** 5/2017<br>**Dato** 16.06.2017<br>**Gradering** Offentleg |
| **Prosjekttittel**<br>Førebygging av toksiske effektar av klimaendringar på Vestlandet | **Tal sider** 63<br>**Prosjektnr** 6426 |
| **Forskar**<br>Torunn Hønsi | **Prosjektansvarleg**<br>Torunn Hønsi |
| **Oppdragsgivar**<br>Sogn og Fjordane fylkeskommune | **Emneord**<br>Klimaendring<br>Klimatilpassing<br>Vassforvaltning<br>Miljøgift<br>Ureiningsmynde |

**Samandrag**
Sjå side 5.

**Andre publikasjonar frå prosjektet**
VF Notat 1/2016, VF notat 4/2017 og VF notat 6/17.

**ISBN:** 0804-8835 | **Pris:** -

# Forord

Dette notatet er ei oppsummering av ei spørjeundersøking av kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Spørjeundersøkinga bestod av 41 spørsmål, vart distribuert via e-post og var open for svarinnlegging frå 02.12.16 – 12.06.17. Vi fekk inn svar frå 29 respondentar i kommunane.

Notatet er ein delrapport i forprosjektet «Førebygging av toksiske effektar av klimaendringar på Vestlandet - TOKSKLIM». Forprosjektet er eit samarbeid mellom Vestlandsforsking, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland, og er delfinansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet. Målgruppe er sakshandsamarar hjå Miljødirektoratet, DSB, NVE, Fylkesmannen og Fylkeskommunar og kommunar.

Vi takkar prosjektgruppa for verdifulle innspel til spørsmål og spørsmålsstilling i spørjeundersøkinga.

Sogndal, 16.juni 2017

**Torunn Hønsi**
Prosjektleiar

# Innhald

Forord ... 3
Innhald ... 4
Samandrag ... 5
Innleiing ... 6
Bakgrunn ... 6
Formål og problemstillingar ... 6
Metode ... 7
Anonym undersøking ... 7
Resultat og diskusjon ... 8
Respondentar, kommunestorleik, arbeidsansvar, kompetanse ... 8
Miljøgifter i planar og ROS analysar i kommunen ... 9
Bruk og vurdering av nettstader/nettbaserte verktøy ... 12
Klimatilpassing ... 12
Vassforvalting ... 13
Ureining ... 14
Alle fagområda ... 14
Kunnskap om ureina lokalitetar og miljøgifter i kommunen ... 15
Samarbeid og behov for meir rettleiing frå overordna myndigheit ... 17
Konklusjon ... 19
Litteraturliste ... 20
Andre nettbaserte kjelder: ... 21
Lovverk: ... 21
Vedlegg ... 22
Vedlegg 1: Spørsmål og svaralternativ i Survey ... 22
Vedlegg 2: Analyse Survey ... 39

# Samandrag

Denne delrapporten summerer resultata av ei kartlegging av kommunane sin kunnskap, forvaltningspraksis og rettleiingsbehov rundt lokale kjelder av miljøgifter, vassforvaltning og klimatilpassing. Vi har nytta spørjeundersøking som metode i datainnsamlinga. Det var til saman 29 respondentar frå 59 kommunar i Sogn og Fjordane og Hordland som svarte på undersøkinga.

Vi fann at fleire av respondentane arbeider på kombinerte einingar eller arbeider på fleire fagfelt i kommunen. Respondentane har høg og relevant utdanning til sine fagoppgåver, over 82% har meir enn 4 år på Universitet eller høgskule. Under halvparten har delteke på kompetansehevande kurs/etterutdanning etter at dei byrja i kommunen, men berre 1 svarar at dette er fordi leiar har gitt avslag på å få ta kurs. Det ser ut til å vere stor grad av samarbeid mellom fagområda, særskilt i plansaker.

Når det gjeld ROS analysar, seier berre 52% av respondentane at kommunen har ein overordna ROS analyse. Det er ser ikkje ut til at utslepp av miljøgifter som følgje av klimaendringar i nokon særleg grad vert vurdert i ROS-analysar, men respondentane svarar at utslepp av miljøgifter/kjemisk ureining er omtalt i klima og miljøplan eller andre planar.

Dei mest påkosta nettstadene/nettportalane innan fagområda er klimatilpasning.no, vann-nett og miljøkommune.no. Klimatilpasning.no er rimeleg godt kjent blant respondentane, får bra/middels bra score, men er relativt lite brukt. Innan klimatilpassing brukar respondentane i snitt 3,6 andre nettstader/verktøy. Vann-nett er veldig godt kjent av respondentane, den blir brukt frå nokre gonger i veka til nokre gonger i året og får gode vurderingar. Innan vassforvaltning bruker respondentane i snitt 2,8 andre nettstader/verktøy. Miljøkommune.no er veldig godt kjent av respondentane, blir brukt frå nokre gonger i veka til nokre gonger i året og får bra/veldig bra vurdering. Innan ureining bruker respondentane i snitt 2,2 andre nettstader/verktøy.

Kunnskap om ureina lokalitetar/miljøgifter i kommunen er noko ulik. Kommunen kjenner godt til kor nedlagte deponi ligg i kommunen, men berre rundt 1/3 del har oversikt over kor det finnes nedgravne oljetankar og oljeavskiljarar. Kommunane er heller ikkje godt nok kjende med sine plikter i å registrere ureina lokalitetar i databasen Grunnforurensning. Nivået av miljøgifter i vassførekomstar blir i varierande grad analysert.

Samarbeidet med overordna myndigheiter fungerer bra på alle tre forvaltningsområda. Best score får overordna myndigheit på ureiningsområdet. Respondentane uttrykkjer at dei i nokon eller stor grad treng meir rettleiing for å løyse oppgåvene sine på dei tre forvaltningsområda. Særskilt svarar mange at dei i stor grad treng meir rettleiing og nye verktøy på ureiningsområdet.

# Innleiing

## Bakgrunn

Klimaendringar og ureining av miljøgifter er to av dei viktigaste miljøutfordringane vi står ovanfor lokalt og globalt, som vil verke inn på naturens økosystem, toleevne og menneskets helse. Miljøgifter er kjemiske stoff, som ikkje vert brotne ned i naturen, hopar seg opp i levande organismar og er giftige. Miljøgifter kjem i dag ut i naturen og vassførekomstar gjennom forbrukarprodukt, avfall, forbrenning, arealavrenning og frå punktutslepp (industri, avløpsanlegg, deponi, gamle industritomter og ureina grunn/sediment).

Klimaet endrar seg mot meir ekstremvèr, havstigning, temperaturauke, havforsuring og endra nedbørsmønster til alle årstider – noko som på Vestlandet kan føre til meir flaum og ras. Studiar av naturskadehendingar, har vist at erosjon, ras og flaum kan spreie miljøgifter frå ureina lokalitetar ut i resipientar [Young et al. 2004, Göranson, et. al 2012], men at dette forholdet ofte ikkje er inkludert i tradisjonelle risikovurderingar for jordskred eller flaum [Göranson, et. 2014]. Nyleg kom ein rapport om Oktoberflaumen på Vestlandet i 2014, som òg viser at det vanskeleg for kommunane å fullt ut vurdere risiko for erosjon og utgraving av massar som følgje av flaum [Dannevig, Groven og Aall 2016]. I følgje *NOU 2010: 10 Tilpasning til eit klima i endring*, *Klima i Noreg 2100*, og *Stortingsmelding 33 Klimatilpasning i Norge*, er det viktig at kommunane utviklar strategiar og planar for å tilpasse seg eit endra klima, og at samfunnet treng meir kunnskap om samspelet mellom klimaendringar, miljøgifter og anna ureining, endra biologisk mangfald og andre miljøpåverknader.

Det har dei siste 10 åra vore forska på samanhengen mellom klimaendringar og auka toksisitet av miljøgifter, og forskinga har vist at auka temperatur, endra saltinnhald og pH i sjø og hav, kan forsterke toksisk effekt av og biotilgjengelegheita til miljøgifter for levande organismar [Schiedek et. al 2007, Noyes et.al 2009, Hooper et. al. 2013, Nadal et. al 2015, Sundseth et.al 2015]. Denne nye kunnskapen har så langt hatt lite innverknad på kommunane sitt lokale ureinings- og klimatilpassingsarbeid.

Noreg har forplikta seg til å ha god økologisk status i alle vassførekomstar innan 2021 (vassrammedirektivet) og vi har ei målsetting om å stoppe utsleppet av prioriterte miljøgifter innan 2020 (NOU 2010:9, s. 11, St.meld. nr. 14, 2006). Miljøgifter som ligg lagra i ureina grunn og sediment vil kunne lekke ut som følgje av naturskadehendingar og klimaendringar, og vere ein risiko for skade på miljø og helse, og for at vi ikkje når målet om eit berekraftig og giftfritt samfunn. Kommunane har lokalt forvaltningsansvar for vassførekomstar, ureina grunn, avløp, landbruksureining og klimatilpassing. Det er viktig at kommunane får meir kunnskap om miljøgifter og at den statlege og fylkeskommunale oppfølginga av kommunane sitt arbeid med vassrammedirektivet, ureiningssaker og klimatilpassing vert styrka.

I forprosjektet TOKSKLIM (Førebygging av toksiske effektar av klimaendringar),vil vi studere korleis kommunane arbeider i dag med desse forvaltningsoppgåvene, og kva nye verktøy, hjelpemiddel og rettleiing dei treng for å sikre god integrasjon i det vidare arbeidet med vassforvaltning, ureining og klimatilpassing. Forprosjektet er finansiert av RFF Vest, leia av Torunn Hønsi, Vestlandsforsking og eigd av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland er med i prosjektgruppa. Prosjektperioden strekker seg frå september 2016 – 31. august 2017. Intensjonen er å utvide forprosjektet til eit fullskala hovudprosjekt våren 2018.

## Formål og problemstillingar

Overordna mål for forprosjektet TOKSKLIM er å auke kunnskapsgrunnlaget om miljøgiftkjelder og effektar av klimaendringar på spreiing og toksisitet av miljøgifter frå ureina lokalitetar i Sogn og

Fjordane og Hordaland, og finne ut kva strategiar og verktøy lokal og regional miljø- og klimaforvaltning treng for å førebygge slik skade.

Formålet og problemstillingar for delaktiviteten som ligg til grunn for dette notatet er gitt i delmål 2 i forprosjektsøknaden for TOKSKLIM:

**KOMMUNEKARTLEGGING: Delmål 2**: Gjere ei kartlegging av kunnskap, kompetanse, forvaltningspraksis og statleg rettleiing rundt lokale kjelder av miljøgifter og klimatilpassingsarbeid i kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kartlegginga skal skje i samband med kommunesamlingar i kvart fylke. **Resultat: Kommunesamlingar + rapport 2.**

**Problemstillingar i delmål 2:**
**2.1.** I kva grad har kommunane i Hordaland og i Sogn og Fjordane kunnskap om og/eller er opptekne av problemstillinga kring klimaendringar, ureina lokalitetar og miljøgifter?
**2.2.** I kva grad gjev kommunane uttrykk for at dei treng meir kunnskap, meir rettleiing og/eller nye verktøy for å styrke arbeidet med å førebyggje problem med klimaendringar og miljøgiftureining?

# Metode

I datainnsamlinga som ligg til grunn for denne delrapporten har vi brukt nettbasert spørjeundersøking. Vi vart i prosjektmøter hausten 2016 einige om å fråvike opphaveleg plan om å gjennomføre kommunekartlegginga på fysiske kommunesamlingar. Ingen kommunesamlingar var planlagt av FM eller Fylkeskommunen før våren 2017 og vi ville difor fått problem med å gjennomføre datainnsamlinga innanfor tidsskjemaet vårt. Vi valde derfor å lage ein survey på nett, ved hjelp av nettverktøyet Survey Monkey. Alle spørsmåla med svaralternativ som vart brukt i spørjeundersøkinga ligg vedlagt i vedlegg 1.

**Anonym undersøking**
Spørjeundersøkinga vart gjennomført heilt anonymt, for å tilfredsstille personvernkrav frå Norsk senter for forskingsdata (NSD) om at ingen direkte eller indirekte persongjenkjennande opplysningar skal samlast inn, utan særskilt godkjenning frå NSD. Vi fekk til saman 29 respondentar til å svare på undersøkinga, 3 av dei har ikkje fullført heile undersøkinga (ufullstendig svart). Undersøkinga er vidare inndelt i 3 bolkar, med eit innleiande spørsmål som gjer at ein automatisk hoppar over nokre spørsmål om dei ikkje er relevante for nokre av respondentane. Slik vil spørsmåla ha litt ulikt tal respondentar (N vil variere). Vi har latt alle svar telje med, sjølv om respondenten ikkje har fullført undersøkinga, og vi har ikkje slått saman nokon kategoriar.

Sidan vi ikkje veit anna enn kommunestorleiken til kommunane dei jobbar i, kan det sjølvsagt vere fleire sakshandsamarar frå same kommune som har svart på undersøkinga. Men, vi har sikra oss mot at same person ikkje kan svare meir enn ein gong, ved å leggje inn avgrensing på 1 svar pr. IP adresse. Men, på grunnlag av desse faktorane, kan vi ikkje vite sikkert kor mange kommunar som har svart på undersøkinga, eller angje ein sikker svarprosent for kommunedeltaking i undersøkinga. Men, vi ser ikkje på dette som avgjerande viktig i eit innleiande forprosjektet. Her var det viktigast å få eit peikepinn og ein indikasjon på korleis ulike sakshandsamar innan ulike einingar i kommunane samarbeider med andre einingar og korleis dei arbeider med ureiningssaker, vassforvaltning og klimatilpassing. Vidare å finne ut kva kompetanse dei har og om dei har behov for meir rettleiing og verktøy for å gjere arbeidet sitt. Dette vil vere gyldige og interessante svar om dei kjem frå 2-3 personar i frå same kommune eller om dei er spreitt på fleire kommunar, fordi erfaringar og opplevinga av forhold kan vere ulike frå sakshandsamar til sakshandsamar i same eller ulike einingar i same kommune. I dette forprosjekt var det også meininga å teste ut spørsmålsstilling og finne eventuelle

feilmoment i utforminga av ein survey, før vi aukar utvalet av respondentar i eit påfølgande hovudprosjekt. Slik vil alle erfaringar vi gjer i dette forprosjektet, både negative og positive, ha ein verdi for eit fullskala forskingsprosjekt.

Vi sendte ut e-post om å delta på spørjeundersøkinga til alle postmottaka i kommunane første gong 9.12.16, med oppmoding om å sende vidare til sakshandsamarar som arbeidde med ureining, klimatilpassing og vassforvaltning. Vi purra kommunane 16.01.17 på e-post, og fekk andre prosjektgrupper hjå Vestlandsforsking i tillegg til fylkesmennene og fylkeskommunen til å reklamere for forprosjektet og spørjeundersøkinga når dei hadde møter eller seminar med kommunane våren 2107. Siste data fekk vi inn etter kommunesamlinga i Bergen 30. mai, då vi sendte ut liste til interesserte og sendte dei direkte e-post etter seminaret. Vi sendte då e-post til 10 personar i 9 ulike kommunar og fekk inn 6 svar. Spørjeundersøkinga vart stengt 12.06.17, etter at det hadde kome inn totalt 29 svar.

I eit hovudprosjekt vil vi utvikle og utvide spørjeundersøkinga til å gjelde fleire kommunar/alle kommunar. Då vil vi søke om nødvendig godkjenning til å hente inn direkte og indirekte personopplysningar frå SND i god tid på førehand, slik at vi kan spørje om namn på respondenten, kommunenamn, fylke og kommunal eining. Vi vil også sende e-post direkte til rådmannen og plansjef i tillegg til postmottaket i kommunen, slik at vi aukar sannsynet for at rette sakshandsamarar får invitasjon og lenke til spørjeundersøkinga. Dette vil igjen gjere det lettare å få flest mogleg av kommunane til å svare på undersøkinga, slik at vi sikrar mest mogleg breidde, geografiske spreiing og ein betre representativitet i undersøkinga.

# Resultat og diskusjon

Fullstendig oversikt og analyse av svarfordelinga på dei 41 ulike spørsmåla er gitt i vedlegg 2. Her summerer vi opp og diskuterer dei mest interessante funna i spørjeundersøkinga.

### Respondentar, kommunestorleik, arbeidsansvar, kompetanse

Det er rimeleg fordeling mellom kva kommunestorleik respondentane arbeider i, men det er flest (41,3%) som arbeider i store kommunar (over 8000 innbyggarar) (spørsmål 1, vedlegg 2). For definisjonen av kommunestorleik, har vi for små kommunar brukt same inndeling som statistisk sentralbyrå [Langørgen og Aaberge, 2011] bruker (0-4999). Men basert på kjennskap til kommunestorleik i dei to fylka valde vi å legge inn eit ekstra nivå, som også sikra at vi ikkje indirekte kunne kjenne att personar/kommunar, utan tilstrekkeleg løyve til slik datainnhenting. Vi valde difor å definere mellomstore kommunar til å ha 5000-7999 innbyggarar, medan store kommunar er definert som over 8000 innbyggarar. I eit større hovudprosjekt som vil inkludere fleire fylker eller alle landets kommunar, vil vi vurdere å bruke inndelinga til SSB fullt ut, der små kommunar har 0-4999 innbyggarar, mellomstore har 5000-19999 innbyggarar og store kommunar har minst 20 000 innbyggarar.

Det er ei god fordeling mellom kva fageining og fagoppgåver respondentane våre har, der 44,8 % arbeider med plansaker og 44,8 % med landbrukssaker, 34,4% arbeider med byggesak og 24,1 % på teknisk/VAR (spørsmål 2, vedlegg 2). Fleire av respondentane kryssar av for at dei arbeider på fleire saksområde, slik at det er totalt 51 svar på spørsmålet. Det er slik sett mange som arbeider i kombinerte einingar, eller arbeider med fleire fagfelt. Det er 8 personar som svarar meir utfyllande kva eining dei arbeider i, og då svarar dei: Utvikling, plan, byggesak, landbruk, miljø og oppmåling, plan- og bygningsetaten avdeling tilsyn, miljøretta helsevern (har delegert forureiningslova), byggesak og plan, utviklingsetaten, bymiljøetaten og plan og utbyggingssjefen/miljø og landbruk. 93,1 % av respondentane (N=29) svarar at dei arbeider med klimatilpassing, 62,9 % av respondentane (N=27)

svarar at dei jobbar med vassforvaltning, og 81,5 % av respondentane (N=27) svarar at dei arbeider med ureiningssaker (spørsmål 9, 20 og 29 i vedlegg 2).

Respondentane (N=24) har høg og relevant utdanning til sine fagoppgåver, over 82 % har meir enn 4 års utdanning på høgskule eller universitet (spørsmål 3, vedlegg 2). Av desse svarar berre 3 at utdanninga ikkje har gitt dei klima og miljørelevant kunnskap. Det er 13,8 % som svarar at dei har mindre enn 4 år på Universitet eller høgskule og 1 respondent har fagskule. Det er totalt 82% av respondentane (N=29) som svarar at utdanninga har gitt dei klima- og miljørelevant kunnskap (spørsmål 4, vedlegg 2).

Når det gjeld etterutdanning og kompetansehevande kurs er det ca. halvparten (48.3%) av respondentane (N=29) som har delteke på dette (spørsmål 5, vedlegg 2). Manglande kompetanseheving ser ikkje ut til å skuldast avslag frå arbeidsgjevar, for det er berre 1 av 29 som svarar at dei har fått avslag, og då var grunnen økonomien til kommunen (spørsmål 6, vedlegg 2).

Når det gjeld samarbeid mellom einingar når saker krev kompetanse frå fleire fagfelt, svarar hovudvekta av respondentane (18 av 29, 62%) at det er «stor grad» eller «alltid» samarbeid i plansaker (spørsmål 8, vedlegg 2). 11 av 29 (37,9%) svarar at det i «stor grad» eller «alltid» er samarbeid i grave- og byggesaker, 16 av 29 (55,2%) i ureiningssaker, 14 av 29 (48,3%) i landbrukssaker og 16 av 29 (55,2%) i tekniske/VAR saker. Vi ser at dette kan ha vore eit vanskeleg spørsmål å svare på, med mange svaralternativ. Det gjer det også noko vanskeleg å analysere svara her. Men, inntrykket svara gir er at kommunane samarbeider godt på tvers av fageiningar, særskilt i plansaker. Samarbeidet kan bli noko betre i grave- og byggesaker og ureiningssaker, sidan 6/29 (20,7%) svara at det er «liten grad» av samarbeid i ureiningssaker, medan 12/29 (41,4%) svara at det er «i nokon grad» samarbeid i grave- og byggesaker. Berre 4 respondentar svarar at det «aldri» er samarbeid i ureiningssaker, landbrukssaker og tekniske saker (spørsmål 8, vedlegg 2).

## Miljøgifter i planar og ROS analysar i kommunen

På spørsmål om miljøgifter/kjemisk ureining er omtalt i kommunen sin klima og miljøplan eller andre planar i kommunen svarar heile 56% at det er det, og 16% av respondentane (N=27) skriv at dette er omtalt i andre planar i kommunen (sjå figur 1). Dette er eit veldig høg score, i forhold til erfaringar prosjektgruppa (Fylkesmannen og fylkeskommunen) har med klima- og miljøplanar i kommunane. Desse omtalar vanlegvis utslepp av klimagassar i kommunen og utslepp av næringssalt/organisk avrenning frå landbruket. Her kan spørsmålet ha vore for rundt formulert, slik at vi ikkje har fått fram skilnaden mellom miljøgifter og anna kjemiske forbindelsar frå industri, avfall, avløp og landbruk. Her kan vi spesifisere spørsmålet betre i eit oppfølgande hovudprosjekt for å få fram om kommunen omtalar persistente miljøgifter i planane sine, eller om det er næringsstoff/organisk ureining og kjemisk ureining, som ikkje omfattast av miljøgift omgrepet dei meiner.




*Figur 1. Viser om miljøgifter og kjemisk ureining er omtalt i klima og miljøplan eller andre delplanar i kommunen (N=25).*

Det er berre 13 personar, eller 52 % av respondentane (N=25) som svarar at dei har laga ein overordna ROS analyse av korleis klimaendringar kan påverke lokalsamfunnet, 12 % svarar at ein slik ROS analyse er under planlegging (figur 2). Dette er eit låg tal, sett i lys av at sivilbeskyttelseslova § 14 der overordna ROS analyse er eit plikt eller SKAL krav for kommunane, tredde i kraft 25.06.10, med seinare konkretisering i forskrift av 22.08.11 om kommunal beredskapsplikt. Heilskapleg ROS analyse skal i følgje sivilbeskyttelseslova (§14) og forskrift om kommunal beredskapsplikt (§2) gje oversikt over eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar og korleis dei påverkar kvarandre, og er eit viktig verktøy for å fange opp og gjere førebyggande eller risikoreduserande tiltak for ulike risiko på tvers av fagsektorar i kommunen. Plan og bygningslova (PBL) fekk endringar 19.12.14 som tredde i kraft 01.01.15, der det også er klare uttalte krav til oppgåver og planlegging etter lova. Det heiter no i PBL § 3-1 at planar skal «fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv». Det står også i PBL § 3-1 andre ledd, at planlegginga skal fremje ei heilheit ved at sektorar, oppgåver, interesser i eit område, vert sett i samanheng gjennom samordning og samarbeid mellom sektormynde, statleg, regional og kommunale organ, private organisasjonar, institusjonar og allmenta. 2 år etter endringane i PBL tok til å gjelde og nesten 6 år etter kravet i sivilbeskyttelseslova om overordna ROS analyse kom ser det ut til at dette ikkje er fylgt opp av 48 % av kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane.




*Figur 2:Viser svarfordelinga om kommunen har ein overordna ROS analyse (N=25)*

Dette gir nok ikkje det fulle og sanne bilde, for dette er noko høgt i forhold til erfaringar med tilsyn etter sivilbeskyttelseslova som er gjennomført av fylkesmannen dei siste 5 åra i dei to fylka. I beredskapstilsyn gjennomført av Fylkesmannen i Hordaland både i 2012 og 2013 hadde riktig nok berre 2/8 kommunar tilfredsstillande heilskapleg ROS analyse [Fylkesmannen i Hordaland sine heimesider]. I 2016/2017 hadde Fylkesmannen i Hordaland tilsyn med Fjell, Austevoll, Askøy, Øygarden, Bergen, Fusa, Samnanger, Sund, Os og Meland kommune. Dei fann då at 8/10 hadde laga ein heilskapleg ROS analyse, men berre 3/10 kommunar hadde ein tilfredsstillande ROS analyse og fekk såleis ikkje avvik under tilsynet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte tilsyn hjå 1+ 5 kommunar i 2013, og alle seks kommunane fekk avvik for at ROS-analysen ikkje tilfredsstilte krav i lov og forskrift [Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine heimesider]. Her er det mogleg at nokre av respondentane som svarar «veit ikkje» på spørsmålet, svarar dette sjølv om kommunen faktisk har ein ROS analyse. Vi må også ta høgde for at fleire respondentar frå same kommune har svart på spørsmålet som også kan gje ei noko skeiv fordeling. Dersom vi ser på dei som svarar «nei» eller «nei er under planlegging» i figur.2 så utgjer dette rundt 30 % av respondentane. Dette samsvarar godt med erfaringane vi gjorde i casestudien i delrapport 2, der 1 av 3 kommunar vi intervjua ikkje hadde laga ein overordna ROS analyse [Hønsi, 2017].




*Figur 3: Viser i kor stor grad miljøgifter og ureining er med i ROS analysen (N=25).*

På spørsmål om utslepp av miljøgifter er vurdert i kommunen sine ROS-analysar svarar 36% i nokon grad, medan heile 44 % svarar at dette ikkje er relevant. Dette er jo litt urovekkande, om kommunane ser på utslepp av miljøgifter som ikkje relevant i ein ROS analyse. Men, forklaringa kan kanskje heller ligge i at det ikkje er eit «vi har ikkje ROS analyse» alternativ i spørsmål 13 (figur 3). Det burde det ha vore, for lettare å kunne sett korleis miljøgifter og ureining var handtert av dei som svarar at dei faktisk har ein ROS analyse. Når vi går inn og sorterer ut dei som har svart bekreftande på at dei hadde ROS analyse (sjå figur 2), og ser på korleis desse fordeler seg, vert biletet noko meir nyansert (figur 4).




*Figur 4: Viser korleis miljøgifter og klimaendringar er handtert av dei som har ein ROS analyse (N=13)*

Av dei 13 respondentar som har svart bekreftande på at dei har ein ROS analyse, er det 1 som svarar at miljøgifter «ikkje i det heile», 2 svarar «i liten grad», 5 «i nokon grad», 1 «i stor grad», medan 4 svarar «ikkje relevant» (sjå figur 4). Av dette kan vi forsiktig hevde at miljøgifter og ureining som følgje av klimaendringar berre i nokon grad vert handtert i ein overordna ROS analyse i kommunane. I følgje «Veilleder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen» frå DSB, skal langtidsskader på naturmiljø vurderast som ein mogleg konsekvens av uønskte hendingar [DSB, 2014]. Dette er vel og bra, men vi meiner at den uønskte hendinga i seg sjølv kan vere utslepp av miljøgifter, som igjen kan føre til m.a. langtidsskader på naturmiljø. Difor meiner vi DSB rettleiaren bør understreke at utslepp, lekkasje og remobilisering av miljøgifter frå ureina lokalitetar skal vurderast som ei eller fleire uønskte hendingar, slik m.a. Bergen kommune har gjort i sin overordna ROS analyse [Bergen ROS, 2014, s. 27,28]. Då vert ikkje ureining av ytre miljø berre vurdert som ein konsekvens av andre uønskte hendingar, men som ei uønskt hending i seg sjølv, som kan få fleire konsekvensar enn ureining og langtidseffektar i miljø.

For dette spørsmålet bør vi også sjå på svaralternativ eller vurdere diskvalifisering til neste spørsmål, slik at berre dei som svarar «ja» på om dei har ein ROS analyse, kan svare på kva ROS analysen inneheld.

## Bruk og vurdering av nettstader/nettbaserte verktøy

### Klimatilpassing

Den nettstaden overordna forvaltning nyleg har etablert som eit verktøy for kommunane innan klimatilpassing er nettstaden Klimatilpasning.no. 60% av respondentane (N=25) kjenner til nettstaden (spørsmål 14, vedlegg 2). Det er 1 respondent som bruker nettstaden eit par gonger i månaden, medan 10 svarar at dei bruker nettstaden «eit par gonger i året». Vurderinga av nettstaden er «middels bra» (12%), «bra» (24%) og «svært bra» (4%), av dei 25 respondentane som svarer (spørsmål 16, vedlegg2). 2 svarar med kommentar at dei har brukt sida for lite til å kunne vurdere den.

Klimatilpasning.no vart oppretta i 2016 av Miljødirektoratet på vegne av KLD. Dette er nok hovudgrunnen til at nettstaden er rimeleg godt kjent av kommunane, men forholdsvis lite brukt. Intensjonen med nettstaden er at den skal bidra til å auke kunnskap om klimaendringar, stimulere til klimatilpassingstiltak og forenkle kommunikasjon mellom brukarar (kommunar og private konsulentselskap) og aktørar (overordna forvaltning). Målgruppa for nettstaden er dei som rettleier, planlegg og tek avgjersler lokalt og regionalt. Her vil vår anbefaling vere at overordna myndigheiter må føre ein noko meir aktiv kampanje for og betre opplysninga om nettstaden ut til kommunane, for å få dei til å bli kjend med og ta verktøyet meir i bruk i si sakshandsaming.

*Tabell 1: Oversikt over verktøy eller nettstader som vert brukt i arbeidet med klimatilpassing (N=25).*

| Nettstader | Tal svar | Prosent |
|---|---|---|
| Grunn.miljødirektoratet.no | 0 | 0 |
| Miljødirektoratet.no | 14 | 56% |
| Miljøkommune.no | 15 | 60% |
| Miljøstatus.no | 10 | 40% |
| NVE.no | 13 | 50% |
| Planlegging.no | 6 | 24% |
| Vannmiljø.miljødirektoratet.no | 5 | 20% |
| Vann-nett.no | 14 | 56% |
| Vannportalen.no | 11 | 44% |
| Eg brukar ikkje andre | 2 | 8% |
| Andre | 1 | 4% |
| TOTAL SVAR | (91-2)=89 | 3,6 snitt |

Når det gjeld bruk av andre verktøy og nettstader i arbeidet med klimatilpassing, er fordelinga gitt i tabell 1 ovanfor. Respondentane (N=25) svarar at dei bruker 3,6 andre nettstader i snitt. Flest svarar at dei bruker miljøkommune.no (60%), Miljødirektoratet sine heimesider (56%), vann-nett.no (56%) og NVE sine heimesider (52 %). 2 respondentar brukar ikkje andre verktøy, og 1 svarar at dei bruker kommunen sin eigen VA-norm, der dei har eigen del om overvann og klimatilpassing.

### Vassforvalting

Vann-nett.no er kjent for over 94% av respondentane som svarar at dei arbeider med vassforvaltning (N=17), berre 1 respondent svarar at han «ikkje kjenner» nettstaden (spørsmål 23, vedlegg2). Når det gjeld bruk av nettstaden, svarer 2 at dei «aldri har brukt» nettstaden, 10 svarar at dei bruker den «nokre gonger i året», 4 bruker den «nokre gonger i månaden», 1 respondent bruker den «fleire gonger for veka» (spørsmål 24, vedlegg 2). I vurderinga av nettstaden svarar 5 at den er «middels bra», 8 at den er «bra», og 1 svarar at den er «veldig bra» (spørsmål 25, vedlegg 2). Den respondenten som bruker nettstaden fleire gonger i veka gir Vann-nett karakteren «bra».

Respondentane svarar at dei bruker i snitt 2,8 andre nettbaserte verktøy og nettstader i sitt arbeid med vassforvaltning (tabell 2). Oftast brukt er miljøkommune.no og vannportalen.no med 58,8%, fylgt av miljødirektoratet sine heimesider (47,1%) og NVE sine heimesider (35,3%). Berre 2 respondentar svarar at dei ikkje bruker andre verktøy/nettstader.

*Tabell 2: Bruk av andre nettbaserte verktøy og nettstader i arbeidet med vassforvaltning (N=17)*

| Nettstader | Tal svar | Prosent |
|---|---|---|
| Grunn.miljødirektoratet.no | 0 | 0 |
| Klimatilpasning.no | 3 | 17,7% |
| Miljødirektoratet.no | 8 | 47,1% |
| Miljøkommune.no | 10 | 58,8% |
| Miljøstatus.no | 5 | 29,4% |
| NVE.no | 6 | 35,3% |
| Planlegging.no | 2 | 11,8% |
| Vannmiljø.miljødirektoratet.no | 3 | 17,7% |
| Vannportalen.no | 10 | 58,8% |
| Eg brukar ikkje andre | 2 | 11,8% |
| Andre | 0 | 0 |
| TOTAL SVAR | (49-2)=47 | 2,8 snitt |

**Ureining**
Miljøkommune.no er kjent av 90,5% av respondentane (N=21) (spørsmål 36, vedlegg 2). Av dei 19 som kjenner miljøkommune.no svarar 8 at dei bruker den «nokre gonger i året», 8 bruker den «nokre gonger i månaden», medan 2 svarar «eit par gonger i veka» berre 1 «har aldri brukt» nettstaden (spørsmål 37, vedlegg 2). Vi ser av grunnlagsdata at dei 2 som ikkje kjenner nettstaden, har svart at dei «aldri har brukt» nettstaden i staden for «ikkje relevant». Dette er jo rett svar, men gir litt feil bilde i utvalet for oss. Her kan vi justere svaralternativa til seinare datainnsamling, slik at vi ikkje får vanskar med å analysere dette. Miljøkommune.no får god vurdering av dei som bruker den (spørsmål 38, vedlegg 2), med hovudvekt på «veldig bra» (7/21). Dei andre respondentane svarar «bra» (5/21) og «middels bra» (4/21). Ein skriv som kommentar at han har brukt nettstaden for lite til å kunne vurdere den.

Respondentane brukar i snitt 2,2 andre nettbaserte verktøy og nettstader i sitt arbeid med ureiningssaker (tabell 3). Dei fleste brukar miljødirektoratet sine heimesider (10/21), vann-nett.no (9/21) og vannportalen.no (8/21) og miljøstatus.no (7/21). Andre interessante observasjonar her at databasen Grunnforurensning berre blir brukt av 2 respondentar, eller 9,5% av utvalet på 21. Dette er interessant fordi 15 av 21 (71,5%) svarar på eit tidlegare spørsmål (spørsmål 33, vedlegg 2) at dei kjenner til databasen, og 5 av 21 svarar at kommunen har registrert eigedomar i Grunnforurensning (spørsmål 34, vedlegg 2). Kvifor ikkje fleire svarar at dei bruker databasen i arbeidet sitt med ureiningssaker er difor noko spesielt. Det kan vere at ureiningssaker er eit omgrep som kommunane tolkar noko ulikt enn det prosjektgruppa legg i det. Her kan vi definere eller spesifisere tydelegare kva vi meiner med ureiningssaker når vi gjentek undersøkinga i eit større hovudprosjekt.

*Tabell 3. Viser bruk av andre nettstader/nettbaserte verktøy i arbeidet med ureiningssaker (N=21).*

| Nettstader | Tal svar | Prosent |
|---|---|---|
| Grunn.miljødirektoratet.no | 2 | 9,5% |
| Klimatilpasning.no | 2 | 9,5% |
| Miljødirektoratet.no | 10 | 47,6% |
| Miljøstatus.no | 7 | 33,3% |
| NVE.no | 3 | 14,3% |
| Planlegging.no | 1 | 4,8% |
| Vannmiljø.miljødirektoratet.no | 4 | 19,1% |
| Vann-nett.no | 9 | 42,9% |
| Vannportalen.no | 8 | 38,1% |
| Eg brukar ikkje andre | 3 | 14,3% |
| Andre | 0 | 0 |
| TOTAL SVAR | (49-3)=46 | 2,2 snitt |

**Alle fagområda**
Når vi samanliknar bruken av nettstader og nettbaserte verktøy for alle tre fagområda ser vi at respondentane i snitt svarar at dei nyttar fleire verktøy og nettstader i sitt arbeid med klimatilpassing enn dei to andre fagområda. Dette kan vere eit resultat av at fagområdet har vore og er fordelt på mange sektorfagetatar (NVE, DSB, Miljødirektoratet, Kartverket, DIBK, KSS, landbruksdirektoratet etc.) som har eigne heimesider og verktøy som kommunane kan nytte i si sakshandsaming. Her vil kanskje fellesportalen Klimatilpasning.no verke samlande på all informasjon frå overordna myndigheiter innan klimatilpassing, slik portalen Miljøkommune.no har vorte det på ureinings- og naturforvaltningsområdet. Miljøkommune.no er faktisk den nettstaden/portalen som scorar høgast på bruk innan alle tre fagområda, sidan 60% brukar Miljøkommune.no i klimatilpassingsarbeidet sitt (tabell 1), 58.5% i vassforvaltning (tabell 2) og 85,7% svarar at dei bruker miljøkommune.no i ureiningssaker (sjå spørsmål 37, vedlegg 2).

### Kunnskap om ureina lokalitetar og miljøgifter i kommunen

Lokalisering av gamle nedlagte deponi er godt kjent blant respondentane, sidan 90,5% svarar at dei har oversikt over kvar desse ligg i kommunen. Kunnskap om nedgravne oljetankar og oljeavskiljarar er mindre kjent i kommunen (figur 5). Berre 33,3% svarar at dei har oversikt over kvar desse er lokalisert. 13 av 21 respondentar (61,9%) svarar at dei kjenner til at kommunen har myndigheit etter ureiningsforskrifta kap. 2 (spørsmål 32, vedlegg 2).




*Figur 5: Kunnskap om nedgravde oljetankar og oljeutskiljarar i kommunen (N=21).*

Som nemnt i avsnittet Ureining tidlegare, er databasen Grunnforurensning også rimeleg godt kjent blant respondentane. På tross av desse to svarfordelingane er det berre 23,8% som svarar at dei har registrert eigedomar i databasen Grunnforurensning (figur 6). Dette indikerer at krav i ureiningsforskrifta kap. 2, som kommunane har hatt myndigheit etter sidan 2004, framleis ikkje er godt nok kjent for kommunen. Dette funnet samsvarer godt med kommuneundersøkinga som vart gjennomført av fylkesmennene på vegne av Miljødirektoratet i 2012 [Miljødirektoratet, 2012]. Undersøkinga viste at få kommunar hadde oversikt over områder med ureina grunn og har lite kunnskap om og brukar ikkje Grunnforurensningsdatabasen.




*Figur 6: Registrering av ureina grunn i databasen Grunnforuresning (N=21).*

I oppsummeringsrapporten til Miljødirektoratet kom det også fram at kommunane hadde manglande kunnskap om pliktene sine etter kap. 2, og at veldig få registrerte noko i databasen [Miljødirektoratet, 2012]. Dette var uavhengig av om kommunen var liten med lite byggeaktivitet eller stor med meir ureina grunn og fleire terrenginngrep. Når vi samanliknar korleis kommunestorleik påverkar svarfordelinga i figur 6, får vi fordelinga som vist i figur 7. Utvalet pr. kommunegruppe vert lite, så det vert veldig usikre tal. På grunn av dette er talverdiane i figuren reelle svar, og ikkje prosentvis fordeling. Men, det er litt interessant at ingen av dei store kommunane svarar «nei» på spørsmålet, og at det er fleire av dei store kommunane som svarer «ja». Dette kan indikere at dei store kommunane

har fått noko meir erfaring med databasen sidan kommuneundersøkinga i 2012, men datagrunnlaget er sjølvsagt for lite til å sei dette sikkert. Forholdet bør studerast vidare i eit hovudprosjekt.




*Figur 7: viser registreringar i Grunnforurensning fordelt på kommunestorleik (N=21)*

Når det gjeld opprydding i ureina grunn, så svarar 42,9 % at kommunen har gjennomført dette på eiga rekning (spørsmål 35, vedlegg 2). Det går ikkje fram av spørsmålsstillinga her i forprosjektet, om desse lokalitetane er registrert i databasen Grunnforurensning. Dette er også noko vi bør studere nærmare i eit hovudprosjekt.
Høvet til å registrere ureina lokalitetar i kategori X, som mistanke om ureining eller 1 lite/ikkje forureina er nok særskilt lite kjent eller praktisert ute i kommunane. Dette kan kanskje relaterast til avgrensingane som ligg i ureiningsforskrifta kap.2, ved at kapittelet gjeld særskilt for terrenginngrep der det er eller kan vere ureina grunn. Men, det har vore eit vidare, allment høve til å registrere ureining i grunnen som kan ha helserisiko eller risiko for spreiing til miljøet i databasen (Klif, 2010). Og etter at endringar i §61 i matrikkelforskrifta tredde i kraft 01.07.13, gjev den også krav til føring og registrering av opplysningar om ureina grunn. Ved relansering og oppdatering av databasen Grunnforurensning, 18.april 2017, har det også gått ut nytt rettleiingsmateriell til Fylkesmennene og kommunane, om at alle stader som har ureining i grunnen over normverdiar (gitt i vedlegg 1 til ureiningsforskrifta kap.2) SKAL registrerast i Grunnforurensning. Dette gjeld også for alle stader der det er mistanke om ureining [Miljødirektoratet, 2017]. Dette kravet er då uavhengig om det er knytt ei bygge/gravesak til arealet eller ikkje, jf. ureiningsforskrifta kap.2. I eit hovudprosjekt vil vi prøve å få belyst akkurat dette forholdet betre, for det er viktig å spreie denne kunnskapen ut til kommunane, for resultatet vist i figur 6, viser at dei har mykje å gå på. Det same finn vi i pilotundersøkinga, der vi lokaliserer 19, 29, 38 nye lokalitetar med mistanke om ureina grunn, i dei tre pilotkommunane [Hønsi, 2017].

Kommunane har god oversikt over miljømåla som er satt for vassførekomstande i kommunen, heile 94,1% (16/17) svarar at dei kjenner miljømåla (spørsmål 21, vedlegg 2). Når det kjem til målingar av kjemisk tilstand i vassførekomstar og prioriterte stoff i vatn etter vassforskrifta, er det noko ulik praksis ute i kommunane. 5 av 17 seier dei måler «ofte», 6/17 måler «av og til» og 5/17 «svært skjeldan» eller «aldri». Vi var her ute etter å få svar på om kommunane tek prøvar og analyserer på miljøgifter/ prioriterte stoff gitt i vedlegg VIII til vassforskrifta, og ikkje næringssalt og organisk ureining frå avløp/ landbruk. Vi bør nok spesifisere dette tydlegare, når vi gjentek og utvidar spørjeundersøkinga slik at vi kan stole noko meir på svara vi får her. At nesten 60 % av kommunane måler miljøgifter/prioriterte stoff «av og til» eller «ofte» er ikkje i samsvar med erfaringane vassforvaltarar i prosjektgruppa har. Sogn og Fjordane Fylkeskommune sine erfaringar er at kommunane veldig sjeldan måler på

miljøgifter/prioriterte stoff, og at fokuset til no i vassforvaltningsarbeidet har vore å måle økologisk status og ikkje kjemisk status i vassførekomstane.




*Figur 8: Måling av miljøgifter/prioriterte stoff i vassførekomstar i kommunen (N=17)*

## Samarbeid og behov for meir rettleiing frå overordna myndigheit

Stort sett svarar kommunane at samarbeidet med overordna myndigheit fungerer bra på alle tre forvaltningsområda (tabell 4). Best score får overordna myndigheit på ureiningsområdet (Fylkesmannen eller Miljødirektoratet), der 2 av 21 respondentar svarar at samarbeidet er «svært bra» og 14 av 21 svarar at samarbeidet er «bra». Det er 1 av 25 som svarar at dei «ikkje har» samarbeid og 1 svarar at samarbeidet er «dårleg» med overordna forvaltning (fylkeskommune, fylkesmann, NVE, DSB) innan klimatilpassing. I eit hovudprosjekt vil vi spesifisere betre kven som er overordna forvaltning på dei ulike forvaltningsområda, slik at vi lettare kan sjå om det er forskjellar i samarbeidet mellom kommunen og dei ulike forvaltningsorgana på eige forvaltningsområde.

*Tabell 4: Vurdering av samarbeid med overordna myndigheit innan klimatilpassing, vassforvaltning og ureining.*

| | Har ikkje | Svært dårleg | Dårleg | Middels bra | Bra | Svært bra | IR | N=? |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Klimatilpassing** | **1** | **0** | **1 (4%)** | **7 (28%)** | **14 (56 %)** | **0** | **2 (8%)** | **25** |
| **Vassforvaltning** | **0** | **0** | **0** | **4 (23,5%)** | **10 (58,8%)** | **1 (5,9%)** | **2 (11,8%)** | **17** |
| **Ureining** | **0** | **0** | **0** | **4(19,1%)** | **14 (66,7%)** | **2 (9,5%)** | **0** | **21** |

Når det gjeld behov for meir rettleiing og fleire verktøy for å løyse oppgåvene kommunen har innan klimatilpassing, vassforvaltning og ureining stiller vi 3 spørsmål om dette, 1 spørsmål til kvart fagområde (spørsmål 18, 27 og 40, vedlegg 2). Det er difor noko ulikt tal respondentar i dei tre gruppene i tabell 5. Det er veldig få som svarar at dei «i liten grad» treng meir rettleiing eller at dei «i veldig stor grad» treng rettleiing. Hovudfordelinga ligg mellom «i nokon grad» og «i stor grad» for alle tre fagområda. Det er særskilt ureiningsområdet at flest (47,6%) svarar at dei «i stor grad» treng meir rettleiing og nye verktøy. Dette er interessant, at kommunane seier at dei samarbeider godt med overordna forvaltning på ureiningsområdet, samtidig som dei i stor grad treng meir rettleiing. Dette kan jo vere eit teikn på at dei i stor grad kontaktar og nyttar seg av kompetansen til Fylkesmannen når dei skal handtere saker på ureiningsområdet. I tillegg er det interessant å samanlikne dette med svara på kunnskap om ureina grunn og bruk av Grunnforurensning (spørsmål 31, 34, vedlegg 2). Kommunane har også der vist at dei manglar ein del kunnskap om kjelder til ureina grunn, registreringsplikta dei har etter ureiningsforskrifta kap. 2 og matrikkelforskrifta §61. Slik at her er det rimeleg samsvar med svara, og at kommunane erkjenner at dei må få auka kunnskap innan ureiningsområdet.

*Tabell 2: Behov for meir rettleiing og fleire verktøy for å løyse oppgåver innan klimatilpassing, vassforvaltning og ureining.*

| | Ikkje behov | I liten grad | I nokon grad | I stor grad | I veldig stor grad | Ikkje relevant | N=? |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Klimatilpassing** | **0** | **3 (12%)** | **11(44%)** | **9 (36%)** | **2 (8 %)** | **0** | **25** |
| **Vassforvaltning** | **0** | **1 (5,9%)** | **9 (52,9%)** | **6 (35,3%)** | **0** | **1 (5,9%)** | **17** |
| **Ureining** | **0** | **1 (4,8%)** | **8 (38,1%)** | **10 (47,6%)** | **2 (9,5%)** | **0** | **21** |

